

Dømt til nederlag?

Kjøre brødre og venner.

Har de, som eg, noko de mest aldri får gjort, som de utset og utset, og som de til slutt tar fatt på med den største uvilje, fordi ektemaken, situasjonen og/ eller indre trykk på ein måte tvingar oss til å ta oss saman?

Her om dagen då eg sat og løyste kryssord, lærte eg eit fint, nytt ord for denne tilstanden. Eg fekk stikkordet utsette, og dei bokstavane eg hadde, gav inga meinings. Dermed måtte eg ty til kryssordleksikonet, og der fann eg omgrepets-prokrastinering, som heng saman med at me menneske i dei aller fleste tilfelle søker behag framfor ubehag, og dermed har ein meir eller mindre kronisk trøng til å utsetja ting me veit me burde gjort, mao me lever ikkje alltid opp til dei verdiane me vedkjenner oss til. Me seier noko og gjer noko anna, fordi det på kort sikt kanskje er det makelegaste.

Psykologane fortel oss sjølv sagt at denne tilstanden er farleg for oss, me kan bli stressa, få därleg samvit, redusert sjølvkjensle og symptom på angst og depresjon. Visste me det ikkje.

Kva om me drar denne refleksjonen inn i losjeverda, i det me kan kalla ein etisk virkelighet, der hovedmålet med all aktivitet er å realisera bodet om nestekjærleik, å vekkja oss alle til ansvar for vårt eige liv, våre medmenneske og den verda me alle lever i.

Me har tidlegare snakka om dei første menneska, som blei lokka med å bli herrar i eigne liv, og dermed rana til seg kunnskapen om godt og vondt. Som elles, når mennesket freistar å leika Gud, enda det med forskrekkelser. Kunnskapen hadde nemleg eit Janus-ansikt.

Kunnskapen om det vonde medførte viljen til å gjera det vonde, og dermed vart det mennesket sin lagnad å leva i kampen mellom det

gode og det vonde, i kampen mellom å vera seg sjølv nok og vera medmenneske. Kunnskapens frukt er å vera dømt til moral- til å måtta vurdera sjølv kva som er rett og gale, velja den vegen me vil gå, og ta ansvar for handlingane som følgjer.

Dermed blir det å vera medmenneske heller ikkje noko sjølvsagt, me må heile tida bli det me er, i ein prosess som varer livet ut. På den eine sida er min neste, og på den andre sida lurer egoismen, likesæla og makelighetshensyna.

Midt i denne prosessen-eller kampen- står me losjebrør, og det er ikkje alltid lett å vita kva vegar som fører til målet, og korleis me skal gå dei. At det er lett å ramla i grøfta, veit me alle. Nokre gonger føler me oss skamslegne, andre gonger klatrar me eit tre i håp om å bli sett.

Nokre gonger haglar steinane, andre gonger står me på gatehjørna og skryt over eigen prektighet. Nokre gonger står me nede ved døra med nedslått hovud og andre gonger takkar me Gud fordi me ikkje er som dei andre slampane, for eksempel han nede ved døra.

Det er viktig å ikkje la nederlaga våre definera mulighetene for siger i kampen for å bli betre menneske, eller definera oss sjølve gjennom det me ikkje maktar. Likevel, å erkjenna eigne nederlag er grunnlag for å møta andre som feilbare medmenneske. I denne endringsprosessen kan det i neste instans vera avgjerande å få ei utstrakt hand som gir oss tru på at me kan reisa oss igjen, som kan bekrefta verdien vår som menneske. Me er alle til sist «Partners in crime».» I dag vil eg ta inn hos deg, Sakkeus», inviterer meisteren. « Helvta av det eg eig, gir eg til dei fattige, og har eg trua pengar frå nokon, får dei firedobbelt att». I møte med den utstrakte handa kjem forrædaren og tjuven Sakkeus til totalt ny erkjenning. Han blir sett og verdsett som medmenneske, og kjem seg opp av den nederlagets sump han har havna i.

Den sjølvgode prektigheten , derimot, er alltid seg sjølv nok.

Siger eller nederlag, handling eller utsetting. Kan me her i losjen seia til kvarandre at mine sigrar er dine sigrar, og dine nederlag er mine nederlag. Vågar me å ta i bruk den frigjerande krafta som nestekjæreleiken er? Klarar me å løfta kvarandre fram til ny erkjenning, ny inspirasjon? Klarar me å korrigera kvarandre der korreks er nødvendig? Klarer me rosa kvarandre der ros er fortent? Klarer me å seia- you aint heavy, you are my brother-du er ikkje tung, du er min bror? Klarar me å tru at broder- fellesskapen skal gje oss makt til å sigra over dei destruktive kreftene, gje oss mot til å ta bolig i oss selv, gå inn i mørket, pusse soten av lampen, så folk langs veiene kan skimte lys i våre bebotte øyne?

Å utsetja det å handla som medmenneske er farlig. Sjølvsagt for vår neste, men og for oss sjølv, fordi me først blir heile, frie menneske gjennom å vera medmenneske. La oss komma oss ut av utsettinga sin vonde sirkel og inn i den gode sirkel der dei medmenneskelege handlingar inspirerer andre til det same. Klarar me det, har me kanskje sett i gong ein sommarfugleffekt som ikkje lar seg stoppa.

bita